

Godt jule- og jubileumsnummer av Uskedalsposten!

26.11.2010



Bjørgulf Eik med rasjoneringskort - eitt av intervjuobjekta i Uskedalsposten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Julenummeret av Uskedalsposten er i handelen. I tillegg til at det er julenummer er det også jubileumsnummer. Uskedalposten har no gledd uskedelingar og mange andre med godt stoff i 5 år. Avisa som kjem ut no, er denne markeringa verdig. Delikat og innbydande i lay-outen, og fylt med interessant stoff; - nokofor einkvar smak, og noko for alle aldersgrupper.**

## Her er alle framsidene til Uskedalsposten gjennom 5 år.

Etter å ha lese avisas slår det meg at dei 4 unge i redaksjonen denne gongen har bidrøye med fyldige, velskrivne og svært gode artiklar. Dei fire er Hilde Legland(10 år), Veslemøy Haugland(10 år), Ingvill E. Myklebust (11 år) og Solveig Haugland(11 år). Dei viser stort journalistisk talent, og deihar lagt ned mykje arbeid. Sværtintersant er det å lesa når dei fortel oss om travsporten og travarhestane til Gudrun og Halvard Døssland. Dei koselege Børsdalsnissane som Margot Haugland er meister for, får og den gode omtalen dei fortener i julenummeret. Elles bidrar dei unge journalistspirene også med mykje anna godt julestoff.

Dei fire unge jentenfortener topp karakter. Tydeleg er detog at dei har fått god rettleiing i arbeidet. Ekteparet Britt Torill M. og ToreMathiesen og redaktør Ola Matti Mathisen må nemnast når Uskedalspostenjubilerer. Dei 3 har vore sentrale iarbeidet gjennom alle 5 åra. Vi er takksame for det gode arbeidet dei gjer. Dei lagar ikkje berre ei bygdeavis uskedelingane er stolte av, dei driv og eit særdeles godt barne- og ungdomsarbeid i bygda vår.

I tillegg til dei trenemnde er det fleire som meir eller mindre fast bidreg med stoff som sikrar kvalitet og mykje interessant stoff i avisa. Berre for å nemna noko, kan vi denne gongen lesa om allsidige Ingebjørg Haugland,og om Knut Hertzberg Lie og andre bergensarar med tilknytning til Uskedalen.

Kristian O. Bringedalgjev oss innblikk i hermetikkindustrien si historie illustrert av gamle, flotte etikettar. Torfinn Myklebust gjev oss eksempel påkorleis det vert rota med både geografiske namn og med lagsnamn. Gjennom Matti sin penn fortel Bjørgulv Eikkorleis han opplevde krigsjula. Elles erdet meir både av julestoff, historisk stoff og anna. Eit svært interessant nummer er det med godog balansert variasjon i stoffet som vert presentert. Her er noko for alle!

No er nummeret i salg på dei vanlege utsalsstadene. Eg treng ikkje vera nokon stor spåmann for å tippa at det vert det mest selde juleheftet iUskedalen. Det fortener dette gode nummeret av Uskedalsposten.

Av Thor Inge Døssland